



Anders Brakvatne  
Hellesneset 60  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/2920 - 19/33189

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
13.11.2019

## Førerels svar trøng for tilleggsopplysning på søknad om frådeling - gnr 202/14 Hjelmås

Tiltak: Oppretting av grunneigedom  
Byggjestad: Gnr: 202/14  
Tiltakshavar: Anders Brakvatne  
Ansvarleg Anders Brakvatne  
søkjar:


Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Nytt situasjonskart over omsøkte eigedom. Det er naudsynt å få avklart planføremål og faktisk plassering av eigedomsgrensa. Det kan sjå ut som deler av omsøkte areal ligg innafor LNF-føremålet. Vi rår til at omsøkte eigedom i sin heilskap ligg innafor arealet sett av til bustadføremål i kommuneplanen. Dersom du framleis ønskjer å søkja om ei eigedom som delvis ligg innafor LNF-føremålet må søknaden supplerast med søknad om dispensasjon også i frå dette.

Kartutsnitt av kommuneplanen:



Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **04.12.2019**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Anders Brakvatne

Hellesneset 60      5915

HJELMÅS